

Gutelag i 1.divisjon i haust

18.09.2012

Det er ikkje berre jentene i kombinasjonen av Rosendal og Uskedalen som gjer seg gjeldande i fotball i haust. Gutar 13 spelar i 1. divisjon, avdeling 1 og har vunne 1 av 4 kampar. Til helga skal dei møta Tertnes 1

Dei har tapt 15-1 for Fana 1, 4-1 for Arna Bjørnar 1 og 5-0 for Nymark medan dei har vunne 2-0 over Vestsiden Askøy. No ligg dei som nummer 8 på tabellen med sine 3 poeng medan Fana og Varegg leiar med 12 kvar.

Fleire frå Uskedalen er med og Ragnvald Myklebust er hjelpetrener. Det er 4 herifrå bygda som spelar og det er Karsten Andre Haugland, Sondre S. Myklebust, Martin Yri Røssland og Emil Bakke Berntsen.